

Hogne Straume
Straumsvegen 9
5939 Sletta

Straume, 08.12.2014

Dag Breistein
BKK

Eg viser til Dykkar e-mail frå fredag 5. d.m. som eg fekk oversendt frå advokat Harris. Ut ifrå det som kan lesast der, kan eg ikkje forstå at rapporten med tilhøyrande pristilbod frå Fanagro av 31.10.d.å, har vore oppe til drøfting under møtet med Radøy kommune. Min spontane reaksjon på det er vonbrot. **Denne rapporten kom i stand etter oppmodinga frå adv. Revheim om kreativitet ifrå Skaråsen veglag.** Eg og dei andre i styret, har brukt betydeleg tid og ressursar på å få dette til. Dei fyrste reaksjonane både ifrå Kallekleiv og frå kommunen var positive. Her var det høve for BKK til å strekkja seg 20% i kostnad, og med det få ei løysing som er fullt teknisk forsvarleg både til anleggstrafikken og vår framtidige bruk av vegen. Det må nemnast at Fanagro opplyste at når mesteparten av trafikken på ein veg har tilknytning til landbruk, kan også ein kommunal veg byggjast etter vegklassane i landbruket. **Føresetnaden for avtalen med oss, og grunnlaget for resten av dei friviljuge avtalane med oppsitjarane på Straume hadde stått ved lag.** Det hadde også bevart omdøme til BKK og tradisjonane etter Nordhordland Kraftlag; jamfør mitt innlegg på møtet på Kokstad 16.10.d.å. Erlend Moberg og Kjartan Kallekleiv har fare fram på ein måte som har vunne tillit hjå oppsitjarane på Straume. Den æra vil me gje dei!

Det vart difor svært leitt, det som hende på ettersommaren, då eg fekk greia på at planane om opprusting av Åsheimvegen til same standard og kapasitet som vår private skogsbilveg, Skaråsvegen var lagd vekk.

No vil eg fortelja litt om kva som er årsak til at ikkje lovnaden om opprusting av den kommunale Åsheimvegen kom inn på sjølve avtaledokumentet mellom Skaråsen veglag og BKK. Me tok ikkje opp denne årsaka på Kokstad av omsyn til Erlend Moberg.

Av ein eller annan datateknisk grunn nådde ikkje mailen frå Moberg av 25.juni 2013 fram til meg og adv. Harris. Hadde han gjort det, eller hadde me hatt misstanke om at det kunne komma til å verta tvist om saka, hadde følgjande avsnitt vore teke inn i den endelege avtale **før** me gjekk vidare til avtalane med enkeltgrunneigarane:

"BKK sin bruk av vegen til Saltvika forutsetter et høyere akseltrykk enn dagens 6 tonns tillatte akseltrykk som gjelder for den kommunale delen av vegen. BKK har behov for å oppgradere den kommunale delen vegen til 10 tonns akseltrykk, som tilsvarer dagens gjeldene akseltrykk for den private delen av vegen. I tillegg vil hele vegen bli gruset opp etter at anlegget er ferdig. Investeringene og standard hevingen som BKK legger opp til ved oppgradering av den kommunale delen vegen til Saltvika, grusing av hele vegen etter anlegg samt tilkjøring av overskuddsmasser på eksisterende veger i Saltvika må komme til fratrekk i vederlag for bruken. Det er likevel gitt en kompensasjon for bruk i anleggs- og driftsfasen på kr 20 000,-"

No nådde ikkje mailen fram, og naboane måtte gjæra meg merksam på han. Der etter måtte eg få han konvertert på sørvistorget på kommunehuset, men då hadde me komme til september i 2014 og tvisten var eit faktum. **Likevel stod eg og styret i veglaget ansvarlege for det som var grunnlaget** for avtalen med Skaråsen veglag og dei **friviljuge avtalane** som hadde

komme mellom oppsitjarane på Straume og BKK. **Dei var basert på lovnaden** om ein lenge etterlekta heving av standard og kapasitet på den kommunale vegen slik at den tilsavarar vår skogsbil veg. Me oppfatta dette også som ein kompensasjon til alle på Straume, sidan me er den grenda på Radøy, som får nærføring av lina til busetnad.

Dette ansvaret har vore tungt å ha på seg. Eg kom i ein vanhjelpen situasjon og klemma imellom dei andre oppsitjarane på eine sida og kommunen og utbyggjar på den andre. Eg tillet meg å ta med at det er ei personleg og menneskeleg sida som denne tvisten ført med seg, for meg, familien min og dei andre i styret, som ikkje har vore så lett. Det har på mange måtar vore ei vond tid. Spesielt for meg som er formann. Mykje av tida, tankane og kapasiteten min på alle område har vore ofra til denne saka, og det har gått ut over noko. Eg var difor med god von når Kallekleiv fortalde at **"konseptet"** til Fanagro hadde vorte positiv motteke. Desto større er vonbrotet no når det no ser ut som at det har vore lite vurdert. Eg tek dette som ei forneding og ringakt. Eg finn meg ikkje i ei slik framferd frå ein seriøs utbyggjar og kraftselskap som BKK. Det er rett og slett skammeleg. Sjølv har eg Kjartan Kallekleiv og Solveig Reinslo sine ord på at eg har bore meg skapeleg og profesjonelt åt i saka.

Tidlegare i haust, var eg i kontakt med leiaren i eit frittstående linjeprojekteringsfima som også utarbeidar grunneigaravtalar. Eg fortalde litt om denne prosessen, bl.a. om vegen og om møtet på Manger då me fekk opp prisen på dei ulike mastetypane, slik at me skulle forstå kor mykje me fordyra linja dersom me laga for mykje krokar. Då sa han: **Slik framferd høyrer ingen stad heima og slik kan ikkje ein seriøs utbyggjar bera seg åt over før private grunneigarar.**

Eg kan og nemna at eg har vorte rådd til å ta saka til pressa. Det har me vald å avstå frå. For å unngå personleg prestisje og vonde frontar i saka. Eg er svært glad for at Moberg framleis vedkjenner seg det han skreiv i mailen og at adv. Revheim ikkje underkjenner at det er forplikting i det.

No er eg opprådd og fortvila. Eg treng ha løysing på og fred i saka før jula stundar til. Då meiner eg **konseptet** til Fanagro er godt og overkommeleg for alle partar, og det kan eg saman resten av styret, forsvara over for dei andre naboane. Når me har unngått medieoppslag i saka, trur me at med denne løysinga, går det an for alle partar å forlikast og komma nokolunde skamlause ut or saka. Eg trur også det hadde vore best om det gjekk an å gjera tilføyning og revisjon i avtaleteksten. Når me mister noko på vegen ved eit uhell, går det an å ta det opp att og med seg i ettertid. Dersom me kan oppnå noko, er me viljuge til å komma til nytt møte på Kokstad helst, før jul. Primært meiner me at dette kan BKK ordna internt i samråd med Radøy kommune. Me bed om forståing for å få denne saka i orden før me går vidare til avtale om strandlina.

Vonar det går an at BKK kan visa omsyn til personar og einskilmenneske i denne saka og ordna opp.

Med helsing for styret i Skaråsen veglag

Hogne Straume